



Kvifor ordbøker  
ikkje er lovbøker, s. 25

# SPRÅKNYTT

UTGITT AV SPRÅKRÅDET

42. ÅRGANG 1/2014

- Språket i NRK, s. 6
- Årets ord frå fjern og nær, s. 10
- Betre nynorskopplæring, s. 18
- Vinspråk, s. 22

Språkrådet



## Kjære lesar!

Gratulerer med året! Og når vi kommer til den syttende mai, kan vi gratulere hverandre med dagen også. To hundre år er gått siden Grunnloven ble undertegnet på Eidsvoll, og det er klart det skal feires.

Blant de mange forslagene til endringer i Grunnloven i jubileumsåret er det også noen som handler om språk. Det er over hundre år siden språkformen i Grunnloven ble varsomt oppdatert i forhold til det språket som ble brukt i 1814 – det skjedde i 1903. Siden har språket forblitt uforandret, og når paragraferne skal endres eller nye paragrafer skal inn i Grunnloven, er stortingsrepresentantene avhengig av språkhjelp for å formulere de nye bestemmelsene i 1903-form.

I dag er det mange som synes det er vanskelig å lese Grunnloven, og det har blitt foreslått å modernisere språket slik at folk får et bedre grunnlag for å forstå det som står der. Ikke mindre enn to oversettel-

sesforslag til moderne bokmål er lagt fram for Stortinget til behandling i denne stortingsperioden, og ett til moderne nynorsk. Språkrådet har vært med og laget nynorskversjonen og en av bokmålsversjonene på oppdrag fra presidentskapet på Stortinget. Noen er skeptiske til å endre på språket i en tekst som er så viktig for landet vårt. I vår skal Stortinget ta stilling til om vi fortsatt skal holde oss med grunnlovsspråket fra 1903, eller om én eller to av de moderniserte versjonene skal overta.

Mens vi venter på Stortinget, håper jeg du lar deg friste av stoffet i dette nummeret av Språknytt. Møt den nyansatte språksjefen i NRK, Ragnhild Bjørge, lær om hvordan vi kan snakke om vin, og les mye annet. God lesning!

## INNHALD 1/2014

### AKTUELT

- 6 Intervjuet
- 10 Verden rundt med nye ord
- 12 Fagtermar ved universitet og høyskolar
- 14 Nytt design i tjuelfjorten
- 17 Språkbrukaren

### INNSIKT

- 18 Nynorsk skuleløft
- 22 Vinspråk – det umuliges nestenkunst
- 25 Ord som finst og ikkje finst
- 28 Av ord er «vi» kommet
- 30 Finn fem feil
- 32 Varemerke som språk – ordmerke som problem

Har du eit spørsmål, kan du sende ein e-post til [sporsmal@sprakradet.no](mailto:sporsmal@sprakradet.no).



**Spørsmål:** Eg bruker ofte *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* på Internett og skulle ønskje at fleirtalsformene av ord kom tydelegare fram når ein søker. Og viss eg skriv eit ord feil eller bruker ein forelda skrivemåte, får eg til svar at ordet ikkje finst i ordboka. Då hadde det vore fint om systemet kom tilbake og spurde: Kan det vere dette ordet du meinte?

**Svar:** Fleirtalsformer og bøying i det heile er lagt inn i den elektroniske ordboka. Viss du klikkar på dei blåfarga kodane etter oppslagsorda, får du opp bøyinga i eit eige vindauge, som kan klikkast bort att.

Når det gjeld det andre punktet, kan du klikke på det blåfarga oppslagsordet som er understreka, og då får du fram ei loddrett alfabetisk liste over orda før og etter det ordet du har søkt på. Slik er det lettare å orientere seg om ord som liknar oppslagsordet.

Å få forslag om alternativ er eit ønske vi har registrert, men vi har inga løysing førebels. Det kan vere til hjelp å sjå på den loddrette lista eller søkje trunkert, f.eks. med *firma\**, *\*firma* eller *s\_amme*. Du kan også få tips om søking under *Hjelp* øvst på sida.

**Spørsmål:** Dere har lansert en valgfri skrivemåte som ligger nærmere norsk uttale, for ord som *lunsj* og *sjampanje*. Hvorfor har dere ikke fjernet h-ene i *hvorfor*, *hvordan*, *hvem* osv.?

**Svar:** Fornorsking av skrivemåte, også kalt norvagisering, blir gjort når ord som kommer inn i språket, ikke passer inn i det norske ortografiske mønsteret. Da kan de tilpasses det norske skriftbildet. Det vil i hovedsak gjelde ord fra fremmede språk.

Den andre gruppen ord du nevner (*hvorfor* osv.), har vært i språket i lang tid. Det handler her om prinsipper for normering av skriftspråket, og i denne gruppen av ord står to slike prinsipper mot hverandre. Det ene er det *historiske* synet, som vil holde på de «stumme» bokstavene for å bevare sammenhengen med eldre litteratur, med språk som dansk og islandsk og ikke minst med andre ord av samme rot. Det andre er det *ortofone* synet, det vil si at skriften mest mulig nøyaktig skal avspeile talen, og at de bokstavene som ikke lenger svarer til en lyd i uttalen, derfor bør utgå.

Hvis man skulle skapt et norsk skriftspråk som var helt ortofont (lydrett), ville det krevd en enorm reform. Det ville dessuten vært vanskelig i et land med så lange skrifttradisjoner og så mange ulike dialekter, for hvilken dialekt skulle man ha brukt som mal for skriftspråket? Stortinget har bestemt at rettskrivningen skal være stabil framover, og det foreligger ingen planer om en stor reform av bokmålet.

**Spørsmål:** Korleis bør ein markere avsnitt i ei tekst?

**Svar:** Markering av avsnitt heng nøye saman med korleis ein ordnar innhaldet i den teksta ein skriv. Det bør vere ein gjennomtenkt disposisjon. Vi reknar med tre typar avsnittsmarkeringar:

Ny linje med innrykk (vanleg i bøker og andre trykte skrifter og i handskrift)

Ny linje og ekstra linjeskift (vanleg når ein skriv på pc)

Ny linje utan innrykk (såkalla hybrid-avsnitt)

Det finst ikkje nokon formelle reglar for bruk av avsnitt, men vi tilrår at ein held seg til berre éin type, iallfall når teksta ikkje er særleg komplisert. Hybridavsnitt kan bli utydelege, for lesarane kan ikkje alltid vite om ei heilt utfylt linje utgjer eit avsnitt eller ikkje. I oppramsingar kan det likevel vere praktisk med slike avsnitt.

**Spørsmål:** Jeg har ofte hørt uttrykket *jommen/jammen sa jeg smør* i betydningen 'det tror jeg ikke'. Hvor stammer dette uttrykket fra?

**Svar:** Uttrykket har sammenheng med at smør i tidligere tider var en ettertraktet og verdifull vare. Ifølge *Bokmålsordboka* betyr uttrykket 'nei, tvert imot'. Det dreier seg altså om å få fram det motsatte av noe som nylig er sagt, hevdet eller påstått – 'det er på ingen måte slik

som du framstiller det – tvert imot'. Trolig er dette en gammel, folkelig talemåte, der en ikke kjenner opphavspersonen.

**Spørsmål:** På Internett støter jeg stadig på begrepet *helseforebyggende arbeid*. Dette høres da rart ut. Skal man forebygge helse?

**Svar:** Vi synes også at *helseforebyggende arbeid* høres rart (for ikke å si skummelt) ut. Man forebygger som regel noe som er uønsket eller ubehagelig, og helse hører vel ikke inn under den kategorien. Tilsvarende fremmer man gjerne noe som er bra.

Vi har lagt merke til at ordet *helseforebyggende* brukes. Søk på nettet og i avisdatabaser viser en del treff på ordet, selv om *helsefremmende* får mange flere tilslag. Språkrådet mener at *helseforebyggende* er en gal og misvisende sammensetning av leddene *helse* og *forebyggende*. Derfor råder vi til å bruke *helsefremmende*, *helsebrinende* og *sykdomsforebyggende* i stedet.



Foto: Dan Persson / Maskot / NTB Scanpix

Når eit ord er ført opp i denne spalta, tyder det berre at vi har registrert at det er i bruk. Det tyder ikkje at Språkrådet går god for ordet. Dersom vi rår til eller rår frå å bruke eit ord, vil vi nemne det uttrykkjeleg.

**kjosfast** – Språkrådet kåret askefast til 2010-ordet for problemene vulkanutbruddet på Island skapte for flytrafikken. Nå lanserer jeg Kjosfast. Vi sitter Kjosfast i Bangkok, sier Norwegianpassasjer Rune Brynhildsen til E24. Bjørn Kjos er hovedaksjonær og konsernsjef i Norwegian som har hatt store problemer med langdistanserutene som ble startet opp sist sommer. E24.no 1.1.2014

**neglprotest** Tidligere i år banket den russiske nasjonalforsamlingen gjennom en lov som forbyr «homofil propaganda». [...] Flere idrettsutøvere har varslet at de kommer til å demonstrere mot lovgivningen under OL i Sotsji, og i august ble den svenske høydehopperen Emma Green Tregaro en av de første til å markere sin avsky mot loven. Rett før start i friidretts-VM i Moskva lakket 29-åringen neglene sine i regnbuefarger. [...] De lakkede neglene skapte så mye oppmerksomhet i Sverige at det svenske språkrådet har lagt inn «neglprotest» [nagelprotest] i den svenske ordboka. Dagbladet.no 31.12.2013

**kulturkjøtt** Fremtidens kjøttkaker og vossakorv vil kanskje aldri ha gått på fire ben, men ha blitt produsert i store, spesialkonstruerte tanker med gasser fra havbunnen som næringskilde. Å produsere kjøtt i store kvanta utenfor dyrekroppen høres kanskje ut som ren science fiction, men er i dag på vei til å bli realisert. Det er både miljømessige og etiske grunner til at «laboratoriekjøtt», eller «kulturkjøtt», er et godt alternativ i fremtiden. Dagbladet.no 20.9.2013

**kanelkrav** Mattilsynet følger opp kanelkrav fra EØS, og innfører samme strenge krav som i Danmark. – Det høres helt sprøtt ut, sier bakermester Bernt Lie-Nielsen. – Aldri i mine levedager har jeg hørt noe sånt. [...] Han har foreløpig ikke blitt kontaktet av Mattilsynet om de nye EU-reglene, som krever at bakere begrenser bruken av kanel. Årsaken er en såkalt EU-forordning med formål å begrense mengden kanel EU-borgere får i seg. Kanel inneholder stoffet kumarin, som i store mengder er skadelig for leveren. Bergens Tidende 30.11.2013

**brexit** Britene slutter aldri å krangle om det europeiske fellesskapet. Nesten 40 år etter at de ble med, er det fortsatt aktuelt å melde seg ut igjen. Med kaoset i eurosonen og nyvunnen britisk selvthill i kjølvannet av OL har diskusjonen om en exit fra EU, populært kalt brexit, igjen skutt fart. NTB 16.8.2013

**5:2-diett** Klarer du å følge en streng diett to ganger i uken, kan du spise som normalt de resterende fem – og fortsatt gå ned i vekt. Det lover en ny superdiett. [...] Lege og kostholdsekspert Fedon Lindberg kjenner til dietten, men har ikke tro på at den vil bli en varig hit i Norge. [...] – På kort sikt er det ikke noe i veien med 5:2-dietten, selv om jeg rent ernæringsmessig ikke ser noen spesielle fordeler med den. Å spise mindre av feil mat kan føre til vekttap på kort sikt, men du blir ikke friskere av det. VG 24.7.2013



Foto: Fredrik Sandberg / NTB Scanpix





# Norsk språk- kringkasting

■ ERLEND LØNNUM

Dialekt og målform. Teksting og ordval. Diksjon og pauselydar. Den nye språksjefen i NRK har nok å halde styr på i Noregs største medieinstitusjon. For meiningane er mange blant årvakne lyttarar og sjåarar.

Då Knut Olav Åmås, statssekretær i Kulturdepartementet, besøkte Marienlyst i januar, streka han under at NRK er den viktigaste kultur- og medieinstitusjonen i landet, og at NRK derfor har eit spesielt ansvar for språket.

– Vi veit at vi er viktige for mange, og vi ønskjer å vere det. Vi lyttar til publikum, og vi tar språket på alvor. For språket er ikkje ei privatsak, seier språksjefen sjølv, Ragnhild Bjørge. I ei verd med stadig meir tekstproduksjon også i etermediehusa, var tida mogen

## «Vi ønskjer å vere viktige, så vi lyttar til publikum og tar språket på alvor.»

for å engasjere ein leiar som skal samle og samkøyre språkarbeidet i organisasjonen.

### Språkmektig aktør

Mange nordmenn har NRK som rettesnor og lit på at institusjonen forvaltar det norske språket godt.

– Folk har alltid hatt ei sterk eidskjensle for oss. Dei bryr seg om oss, og dei krev at alt skal vere riktig og presist. Og sidan NRK framleis har ein så sterk posisjon, gjer vi det vi kan for å styrkje språket. Men det er ikkje alltid så lett å følgje opp alt, vedgår den nytilsette språksjefen.

Det veit Bjørge alt om frå den tida

ho sjølv var språkkontakt i dagsnytt-redaksjonen på Marienlyst. No er ho leiar for eit språkkorps på vel 40 NRK-medarbeidarar rundt om i landet, og noregsturneen er alt i gang.

– Dei lokale språkkontaktane har nesten vore satellittar der dei har sete aleine og arbeidd for seg sjølv. Eg ønskjer no å involvere alle ved å tilby kurs og seminar og samordne arbeidet med den lokale leiinga og språkstyret i Oslo. Eg kjem til å besøkje dei og følgje dei opp så godt eg kan, lovar ei husvarm Bjørge. Ho har vore nyheitsjournalist i NRK i mange år og kjenner organisasjonen og rutinane godt. Ho veit med andre ord kvar skoen trykkjer.

– Eg vonar at det gjer det lettare for kollegaer å ta kontakt. Og

sidan eg ikkje er lingvist sjølv, spør eg kloke hovud på huset til råds og samarbeider med eksterne krefter som Språkrådet og universiteta. Det er viktig når det handlar om godt og rett språk.

### Rusk og rask i ordvendinga

– Journalistar i radio og fjernsyn må skrive stadig meir og stadig raskare, sidan sakene gjerne skal publiserast på nett samstundes. Taletempoet har òg blitt høgare, og vi brukar meir dialekt i sendingane i dag. Derfor treng NRK meir enn nokon gong ein overordna strategi for arbeidet med både munnleg og skrift-

leg språk, meiner Bjørge. For at planane skal kunne fungere for alle, vil ho forankre strategien både i plandokument og hjå sjefar og andre tilsette.

Bjørge skal vidare utarbeide retningslinjer for dialektrokt, eit nybrottsarbeid i denne samanhengen. Mellom anna skal ho setje i gang eit arbeid for å sjå korleis det har gått etter at NRK opna for meir dialektbruk i kanalane sine i 2007.

– «Eg skjønar ikkje kva journalistane seier, dei knotar for mykje», klagar folk til meg, anten fordi dialekten er framand for dei, eller fordi dei ikkje forstår kva som er normert mål, og kva som er dialekt. Det er jo ikkje så mange som snakkar normert til dagleg. Vi er i utgangspunktet positive til dialektfarging, men vi må

#### ● ● RAGNHILD BJØRGE

Ragnhild Bjørge blei i oktober tilsett som den første språksjefen i NRK. Ho har fartstid frå NRK som journalist og programleiar og har sete i rettskrivingsnemnda for den siste nynorskreformaa.

kunne ta omsyn til begge delar. Og vi må hugse på at det er skilnad på dårleg diksjon og dialekt og mellom dei ulike programma vi sender. Derfor har vi ulike krav for riksnyheiter og program som «Sommeråpent» og «Nitimen», forklarar Bjørge, som har hatt ei rekkje verv i målrørsla.

– Eg kjenner godt forventningane og utfordringane i nynorskmiljøet. Eg veit korleis det er å vere nynorskbrukar i dag, og korleis mållova fungerer. I NRK skal vi framleis følge aktuell språkpolitikk, og det med både Riksmålsforbundet og Mållaget i tankane. Då er det ein fordel å kjenne landskapet, for det er lett å provosere og skape konflikter. Heldigvis er det mykje kompetanse og hjelp å hente. Så dei som trur at eg skal gjere NRK om til eit mållag, har ikkje noko å frykte, humrar ho.

### Feil på nettet

Det er nytt for mange NRK-journalistar at dei også må levere sakene sine til nett. Dei blir av den grunn tilbode

det ikkje med berre retteprogram og intuisjon. Ein må også vere språkleg medviten og tore å spørje kollegaer om hjelp. Kompislesing er då ein god rutine, tilrår ho.

– Ei sak er å skrive feil idet noko dramatisk skjer, men så må ein konsentrere seg om å få det riktig i neste omgang, elles går det på truverdet laus. Og vi har ikkje råd til at brukarane våre byrjar å tvile på oss. Folk er nemleg så engasjerte og følgjer så nøye med at vi må skjerpe oss heile tida.

### Meir ris enn ros

NRK har alltid fått ærleg tilbakemelding frå engasjerte brukarar, både frå dei kresne og velmeinande og dei grinete og sinte. Det veit den erfarne NRK-journalisten mykje om.

Den eine dagen seier ein lyttar til ho: «Tusen takk for at du er på jobb, det er så godt å vakne om morgonen og høyre at verda er trygg!» Samstundes ringer ein skeptikar og ber

«Dei som trur at eg skal gjere NRK om til eit mållag, har ikkje noko å frykte.»

kurs som «Erfaren journalist, ny på nett» i regi av kompetanseavdelinga. Der dreier det seg ikkje berre om journalistiske dydar som god nett-vinkling og lesbarheit, men også om å skrive godt, skal vi tru språksjefen.

– Mange medarbeidarar synest nettsatsinga er skremmande. Dei er ikkje vande til at alle skal kunne lese det dei skriv. Og det er annleis å skrive for nett. Ein må tenkje på rettskriving på ein heilt annan måte, meiner Bjørge.

– I ein travel arbeidskvardag held

ho velje ei anna vinkling neste gong det er snakk om kjensleladde utanrikssaker om til dømes Palestina og Israel. «Og med det same: 'Ei FN-utsending' heiter det for all del ikkje! Bruk 'ein utsending', for ei utsending er det posten som driv med.»

Og den neste dagen hissar ein sjåar seg opp over målet til ein kollega: «Graumål burde du holde deg for god til å bruke på eteren, det finnes vel andre jobber for sånne som deg!»

Elles er stygge ord noko av det folk reagerer mest på ved fjernsyns-



sendingane. Dei siste åra har det be-  
viseleg blitt meir banning, endåtil i  
familieprogram som «Stjernekamp»  
og «Ikke gjør dette hjemme». Nokre  
meiner til og med at NRK må stoppe  
intervjuobjekt som banner for mykje.



«Folk er så engasjerte og følger så nøye med at vi må  
skjerpe oss heile tida.»

– Det går no ein stor debatt om  
temaet bannskap i organisasjonen.  
Kvar skal grensa gå? Og er det for-  
skjell på banning i program der ein  
brukar manus og spontan tale? spør  
Bjørge.

### Pausefyll

Andre irritasjonsmoment er feil eller  
slurvete uttale. «Metrolog» i staden  
for *meteorolog* er ein gjengangar. Eit  
skarpskodd publikum presiserer ofte  
at vërmeldinga ikkje har med under-  
grunnsbaner (*metro*) å gjere, men  
med noko som er oppe i lufta (*me-  
teor*). Eit anna døme er samansmel-  
tinga av lydane «kj» og «skj», som  
gjer *kje* til *skje* og *killing* til *skilling*.

– For ei tid sidan laga ein radio-  
reporter ei sak om norske apotekkje-  
der. Reportasjen blei for så vidt god,  
men fordi journalisten gjennomgå-  
ande sa «skjeder» i staden for «kje-  
der», stoppa vaksjefen heile saka,  
for feiluttalen var så forstyrrende og  
gav folk rare bilete i hovudet, fortel  
Bjørge.

Protestane gjeld òg overdriven  
bruk av pauselydar som «mmm» og  
«øøø» og tomgangstaktar som *på ein  
måte, fokus på* og den klare vinnaren  
*i forhold til*, som ein nærmast kan  
rekne som eigne pauseord.

– Politikarar brukar ofte «i for-

hold til» når dei ikkje veit kva dei  
skal seie, og det har publikum fått  
med seg: «Dette MÅ du få slutt på.  
Det er det minste vi kan krevje av ein  
språksjef!» jamrar dei med rette. Så  
finst det faktisk politikarar som har

bedt meg om å vere så snill og stoppe  
dei viss dei tyr for mykje til «i forhold  
til», for dei synest det er så flautt å  
høyre på det i ettertid.

### Ynske/ønske om husnorm

Det er også dei som ønskjer at NRK  
skal innføre ei eiga rettskriving. Bur-  
de dei bruke diftongar og to eller tre  
grammatiske kjønn i bokmål? Burde  
dei velje å *ynskje* eller *ynske*, *ønskje*  
eller *ønske*? Og kva med a-infinitiv  
og e-infinitiv, er begge delar greitt på  
NRK-nynorsk?

– Vi held oss tradisjonen tru til  
den offisielle rettskrivinga, så jour-  
nalistane står fritt til å velje former  
innanfor norma, slik dei er vande  
til. Samstundes vil mange at vi  
skal velje for dei ved å lage ei eiga  
NRK-norm. Vi diskuterer no om vi  
faktisk kan og bør det. Ikkje over-  
raskande er det sterke meiningar  
om temaet. For viss ei norm blir  
for stram, kan det fort bli opprør  
her på huset, åtvarar Bjørge. – Har  
vi i så fall ressursar til slikt eit stort  
normeringsarbeid? Og kva nivå  
skal vi leggje oss på?

Éin ting er i alle fall sikkert: Den  
nye språksjefen får høyre det uansett,  
for folk bryr seg om språkføringa i  
radio og fjernsyn.

# Verden rundt med nye ord

■ ERLEND LØNNUM

Det er ikke bare i Norge vi kårer årets ord. Også andre land hedrer nyvinninger i ordriket. Ord som «selfie», «gubbploga» og «GroKo» preget det europeiske nyhetsbildet i 2013. Og lenger øst handlet det om forurensning, imitasjoner, hushold og OL-ringer.

Språkrådet kåret *sakte-tv* til årets ord i fjor. Det har også andre lagt merke til, blant annet det amerikanske magasinet *Mental Floss*, som knytter «slow-TV» til populære norske tv-serier som «Nasjonal vedkveld», med en tolv timer lang sending av peiskos og vedknitring. De plukker videre frem enda to norske nyheter: *rekkeviddeangst*, frykten for at batteriet på elbilen går tomt før man kommer til en ladestasjon, og *revelyd*, «because, of course, Ylvis».

## Beklager fordi ...

Nettopp «because», brukt på denne stutte måten, ble årets hit i kåringen til *American Dialect Society*: «'Because' should be Word of the Year 'because useful'», for å sitere juryen. Det er altså ikke bare helt nye ord som vinner slike uhøytidelige konkurranser verden over, men også nye betydninger eller bruksmåter av veletablerte ord. Og det er ikke bare språkråd og andre offisielle myndigheter som står bak kåringene, men også foreninger, forlag og medier.

Dansk Radio valgte også et velkjent ord som forårsslager, nemlig «undskyld», med henvisning til en politiker

som måtte be om unnskyldning etter at hans skyhøye reiseutgifter ble avslørt: «Blev der beklaget, blev der sagt undskyld – og burde Lars Løkke Rasmussen have undskyldt, hvor han beklagede?»

## Selvopptatte ord

Størst oppmerksomhet fikk «selfie» (selvfoto), som gikk til topps i både England, Nederland og Belgia, og som var nominert i mange nasjonale kåringer. Ordet dukket visstnok opp i Australia for over ti år siden, men fikk et skikkelig oppsving først i fjor, da det ble så populært å ta kjappe bilder av seg selv og dele dem på sosiale medier. «Selfie» ble opprinnelig skrevet «selfy», men det fikk raskt den mer kjæle endelsen *-ie*, som i «cutie» og «sweetie», siden det kunne forvandle noe håpløst narsissistisk til noe litt mer elskerdig, skal vi tro nevnte *Mental Floss*.

Det svenske Språkrådet laget en liten liste med fjorårets favorittnyord, uten å velge en ener. En av kuriositetene var verbet «gubbploga» (gubbebrøyting), som oppstod da en kommune ble kritisert for å ha brøytet ved mannsdominerte arbeidsplasser før

Foto: Roberto Schmidt / Afp / NTB Scanpix



Danske toppolitikere satte sitt preg på språket i 2013. Statsminister Helle Thorning-Schmidt tok en «selfie» med David Cameron og Barack Obama, mens opposisjonsleder Lars Løkke Rasmussen måtte si «undskyld».

det ble fjernet snø fra busstraseer og skolegårder.

«Wort des Jahres 2013» ble ifølge det tyske Gesellschaft für deutsche Sprache «GroKo», en forkortelse for «große Koalition» (storkoalisjon), som gir assosiasjoner til «Kroko», en kortform for krokodille. «GroKo» beskrev en heller spydig holdning til forhandlingene mellom storpartiene CDU/CSU og SPD under forbundsvalget i fjor.

### Skurker og helter

Spanjolene trakk frem det argentinske lånordet «escrache», en slags offentlig avsløring gjennom gateprotester. Ordet ble opprinnelig brukt om etterforskningen av lovbrudd begått under diktaturet i Argentina. I fjor dukket det opp igjen i Spania, denne gang i forbindelse med protester mot korrupsjon og gjeldskrise og avsløringer av grådige politikere.

Portugiserne valgte å hylle sine brave brannmenn, «bombeiros», som i sommer måtte kjempe for livet mot flammene i en rekke alvorlige skogbranner. Franskmenne på sin side hyllet de pensjonistene som klarer å

leve livet fullt ut, derav nydannelsen «plénior», en sammensmeltning av *plein* 'full' og *senior*.

### Tegn i tiden

I Øst-Asia har helt andre forhold preget ordbildet. Kineserne favnet om tegnet 房 (*fáng*), som brukes i ord som har med hushold å gjøre, fordi fjoråret var preget av huskriser og eiendomsbobler. På Taiwan vant tegnet for forfalskning 假 (*jiǎ*) avstemningen på grunn av økt bruk av jukseprodukter og avsløringer av manglende matsikkerhet. Og i et stadig mer luftforurenset Singapore kåret den kinesiskspråklige avisen Lianhe Zaobao 'smog' (霾 *mái*) til årets ord i 2013, i konkurranse med grådighet (贪 *tān*) og Internett (网 *wǎng*).

Siste stopp på denne rundreisen i vinnerord er Japan, der tegnet for ring 輪 (*rin* eller *wa*) fikk mye omtale da Tokyo ble valgt som arrangør av sommer-OL for 2020. Det japanske ordet for de olympiske leker, *gorin*, betyr nettopp 'fem ringer'. Og med det er ringen sluttet.

.....  
Erlend Lønnum er rådgiver i Språkrådet.

# Fagtermar ved universitet og høgskolar

■ OLE VÅGE

Mange universitet og høgskolar har fått språkpolitiske retningslinjer for å ivareta og utvikle bruk av norsk fagspråk og terminologi. Men korleis kan dette gjerast i praksis?

I paragraf 1–7 i universitets- og høgskolelova står det at sektoren sjølv har ansvar for å vedlikehalde og vidareutvikle norsk fagspråk. Eit konkret tiltak er å samle inn og tilgjengeleggjere fagterminologi på eit fagfelt. Dette kan gjerast ved hjelp av såkalla termbankar, som er databasar med fagterminologi. Studentar som til dømes nyttar engelsk-språkleg pensum, kan slå opp ein engelsk fagterm i basen og få vite kva den heiter på norsk. I tillegg vil ein få ein definisjon.

## Mønsterpraksisprosjekt

Korleis kan eit fagfelt så gå fram for å fylle ein termbank med innhald? I fjor sette Språkrådet i gang eit mønsterpraksisprosjekt som skulle teste ut metodar for å gjennomføre eit slikt arbeid. Som termbank vart Språkrådets termwiki nytta (jf. Språknytt nr. 3/2013).

Ei gruppe på sju kjemikarar frå Universitetet i Oslo og Universitetet i Bergen prøvde ut ulike arbeidsmåtar for å samle inn og tilgjengeleggjere kjemisk terminologi i termwikien. Erfaringane frå prosjektet vil kome andre fagfelt som ønskjer å gjennomføre liknande prosjekt, til gode. Språkrådet ønskjer å

stø akademiske fagmiljø som vil setje i gang med terminologiarbeid, og kjem til å lyse ut midlar til det.

## Tilrådingar frå Språkrådet

Ei arbeidsgruppe i eit terminologiprojekt bør springe ut frå eit akademisk fagfelt og vere på fem til åtte medlemmar frå ulike universitet og høgskolar. I tillegg til fagfolk bør det vere med ein terminolog i gruppa.

Prosjektet kan ta utgangspunkt i pensumbøker, der ein hentar ut fagtermar som studentane møter på. Ein masterstudent kan få betalt for å gjere dette. Forslag til definisjonar kan hentast frå relevante fagordbøker, også framandspråklege. Materialet bør leggjast fram til diskusjon under arbeidsmøta. Arbeidsgruppa bør møtast minst to gongar i året, og resultatet må leggjast inn i ein termbank.

På Språkrådets nettsider kan ein finne ein rapport og ein rettleiar med mange fleire tilrådingar på grunnlag av mønsterpraksisprosjektet.

.....

Ole Våge er seniorrådgjevar i terminologitenesta i Språkrådet.

## Åtvarar mot pressestøttekutt

Redusert produksjonsstøtte kan redusere mediemangfaldet og det språklege mangfaldet i Noreg, og det kan spesielt gå ut over nynorsk. Det skriv Språkrådet i ei høyringsfråsegn om framlegget til endra produksjonstilskot til nyheits- og aktualitetsmedium.

Språkrådet peikar på at pressestøtta har ein viktig språkpolitisk funksjon. Mange av avisene som vil bli råka av det foreslåtte kuttet, er redigert på nynorsk. Nynorsk kan derfor kome til å tape viktige språklege bruksområde viss reduksjonen vert gjennomført.

Avisene er ein hjørnestein i skriftkulturen og svært viktige arenaer for bruk av norsk språk, understrekar Språkrådet.



## Språkrådet på YouTube

Er det vanskelig å følge med i samtalen på kafé fordi bakgrunnsstøyen er sjenerende? Hvordan tror du det er for døve og hørselshemmede? Hvordan fungerer egentlig norsk tegnspråk i praksis? Noen av svarene får du i en film som Språkrådet har lagt ut på [youtube.com/sprakradet](http://youtube.com/sprakradet).

Der kan du også se opptak fra Språkdagen, som Språkrådet arrangerer en

gang i året. Du kan blant annet se utdelingen av Språkprisen og lytte til takketalene fra prisvinnerne.

På YouTube har dessuten Språkrådet og Difi lagt ut humorsnutter og videoopptak om klarspråk (søk på «klarspråk»). Dersom du synes det er for lite klart språk i samfunnet, kan du la deg more og inspirere av disse tipsene til arbeid med klarspråk i staten.

## Skriving i opplæringa

Språkrådet og Skrivesenteret arrangerer ein dagskonferanse om skriving i opplæringa 10. april. Målgruppa er lærarar i grunnskulen, ungdomsskule og vidaregåande skule. Tema for dagen er ny skriveforskning, ny skrive-

praksis i skulen og konsekvensar for eksamen. Det blir opna for diskusjon.

Konferansen blir halden i lokala til Språkrådet. Påmeldingsfrist er 27. mars. Sjå meir på nettsidene til Språkrådet.



# Nytt design i tjuenfjorten

■ ERLEND LØNNUM

Eller skal vi halde oss til ny design i totusenogfjorten? Vel, siste nytt er at begge delar er rett. Det vedtok Språkrådet kl. 16.00 11.2.2014, eller viss vi skal gå meir teknisk til verks: 16:00 2014-02-11.

Språkrådet har fullmakt til å gjere endringar i rettskrivinga, og fagrådet for normering og språkbobservasjon i Språkrådet følgjer språkutviklinga med skarpt blikk. Det vurderer med jamne mellomrom å endre skrivereglane og å fastsetje skrivemåten for nye ord som skal inn i ordbøkene. Dei ferskaste forslaga frå rådet gjeld altså tid og kjønn.

## Kjønnsforskjellar

*Design* har sidan 1969 vore eit hankjønnsord på norsk, men frå no av blir det norske designet like godt som den norske designen. Heretter kan ein altså velje om ein skriv ein eller eit design, slik det allereie er på dansk. Bakgrunnen for endringa er at mange er i tvil om kjønnnet på ordet og nesten like ofte vel inkjekjønn som hankjønn.

## Endringar i tida

I 1985 stod det i årsmeldinga frå Norsk språkråd: «År 2000 skal skrives år to-

tusen, år 2003 skal skrives *totusenogtre*, år 2085 skal skrives år *totusenogåttifem*.» Det har sidan vore mykje diskusjon om dette, for mange brukar *tjuenfjorten* framfor *totusenogfjorten* osv. Språkrådet jamstiller derfor stavemåten *tjuenfjorten* med *totusenogfjorten*, den einaste normerte stavemåten til no for årstalet 2014 og tilsvarende årstal. Formene blir òg jamstilte når ein gir råd om uttale og lese måte.

Eit siste nyhende gjeld klokkeslett og datoar. I firesifra klokkeslett kan ein frå i år bruke punktum (16.00), den offisielle forma til no, eller kolon (16:00), jamfør Norsk Standard. Datoar kan ein skrive anten etter norsk mønster, 11.2.2014, eller etter internasjonal standard, 2014-02-11. I allmennspråket og i laupande tekst bør ein fortsetje å bruke den norske varianten, mens ein ved datateknisk bruk som i kronologisk opplisting står fritt til å følgje det internasjonale oppsettet.

## Fagrådet for normering og språkbobservasjon i Språkrådet

- arbeider for at norma i bokmål og nynorsk blir halden i hevd og utviklar seg i samsvar med språkutviklinga
- medverkar til at *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* kjem i oppdaterte utgåver ([www.nob-ordbok.uio.no](http://www.nob-ordbok.uio.no))
- kjem med framlegg om normering av einskildord, utanlandske namn og andre innlån og om endringar i gjeldande rettskriving og tilrådd syntaks



I denne spalta tek vi opp stort og smått om forholdet mellom norske ord og importord, først og fremst engelske.

## Digital dugnad finansiert av folket

Med Internett er det nye måter å gjøre ting på. Nå kan du for eksempel legge ut ideen til drømmeprojektet ditt på en nettside og be om økonomisk støtte fra hele verden. På engelsk kalles fenomenet for *crowd funding*, der er det en «crowd» for alt. På norsk har vi tradisjon for dugnad.

### Folkefinansiert kronerulling

*Kronerulling* kunne man oversatt *crowd funding* med. Men det ser ut til at *folkefinansiering* er i ferd med å feste seg for Internett-varianten. Og alt fra filmer og veldedighet til ny teknologi kan folkefinansieres på nettet. Bare fantasien setter grenser for hva man kan be om penger til, og så må man håpe at mange nok har tro på prosjektet og gir en skjerv. Beløpet man vil nå, må defineres på forhånd, og så avkreves du penger først når mange nok har forpliktet seg.

Både folk flest og kjendiser benytter seg av folkefinansiering. Et eksempel er regissøren Zach Braff, som brukte nettstedet Kickstarter til å delfinansiere sin nye film *Wish I Was Here*. Over 46 000 personer bidro med alt fra ti til 10 000 dollar. Beløpene hadde ulike goder knyttet til seg. For 10 000 dollar fikk du navnet ditt på rulleteksten som del av rollebesetningen. Hadde du ikke så god råd, kunne du gi beløp som ble premiert med T-skjorter, signerte plakater eller privatvisning av filmen sammen med regissøren.

### Nye dugnadstyper

Det er ikke bare penger å hente på nett, også andre typer tjenester kan bli til via nettet. *Crowd sourcing* heter det på engelsk. På norsk duger *nettdugnad* for det samme. Det er en prosess der man får nødvendige tjenester, ideer eller innhold ved å hente inn bidrag fra en stor gruppe mennesker, særlig fra nettsamfunn. Mange vil nok si at *crowd sourcing* ikke trenger å skje via Internett. Men en *nettdugnad* som ikke skjer på nett, er vel strengt tatt en vanlig *dugnad*, et begrep vi kjenner godt til fra den norske virkeligheten.

Nettleksikonet Wikipedia er kanskje det de fleste tenker på når de hører *nettdugnad*. Men det fins flere sider for nettdugnader, blant annet for grafisk design og fotografier. Resultatet er ofte, men ikke alltid, gratis, så det viktigste er nok samarbeidsaspektet.

*Crowd computing* er det også noe som heter, og det kan vi kalle *datadugnad* på norsk. Her dreier det seg om å bruke felles dataverktøy, igjen gjerne over Internett, til å utveksle ideer og ta beslutninger. *Folkefinansiering* og *nettdugnad* er to typer *datadugnad*, som sånn sett kan sies å være et overbegrep.

.....  
Marianne Aasgaard er rådgiver i terminologitjenesten i Språkrådet.



– **DET ER INGEN** ølsort i verda som heiter «halvliter». Du går aldri inn til ein restaurant og bed om «mat».

*Evan Lewis ved Ægir Bryggeri i Flåm, intervju i Dag og Tid*

.....

**NÅR DET VERKAR** som om nokon prøver å overtyde deg om noko eller freistar å få samtykket ditt, kan du slenge inn eit par «ikkje sant» her og der, det vil òg gjere susen. «Ikkje sant» er ein merkeleg fugl som tyder noko i retning av «isn't it», og som folk brukar altfor mykje. Berre gjer som dei for å verke innfødd.

*Bloggaren A Frog in the Fjord om korleis ein kan late som om ein kan norsk flytande (vår omsetjing)*



Ikkje  
sant?

.....

**JEG TROR DET SIER** noe om den norske folkesjela at sakte-tv er årets norske nyord.

*Journalist Anders Bergundhaugen i Avisa Nordland*

– **LÆREBOKFORFATTARANE** våre gjer ein formidabel jobb for norsk fagspråk, men dei gjer det ut frå eit personleg engasjement. Innsatsen er personavhengig og ikkje sett i system.

*Knut Ebeltoft, redaktør i Fagbokforlaget, intervju i Forskerforum*

.....

**DENNE LIKSOMERINGEN** og egentligeringen foregår nå overalt, hele tiden. Innenfor min egen bransje, sang og musikk, har jeg I den siste tiden på div radiokanaler fått med meg mange lange og dype radiointervjuer om liksom storheten I forbindelse med de siste plateutgivelsene egentlig liksom.. Bli jeg iritert ? provosert ? forbannet ? egentlig liksom ikke.. Jeg kunne jo bodd I Sør Sudan.. eller Syria.. Vil nok påpeke at i min verden er det er stor forskjell på «det foregår krig liksom» og . «det foregår krig»..

*Artist Åge Aleksandersen, på Facebook*

.....

**IKKE ALLE BARN** tar skade av å tolke for sine foreldre. Men ingen skal være nødt til å sitte mellom legen og sin egen mor eller far og oversette symptomer og behandling. Alle har rett til utdanning, og lekser er en del av modellen.

Vil vi kalle oss et opplyst informasjonssamfunn kan vi ikke akseptere at mennesker må leve i et bokstavnørke – og at antallet analfabeter er et sort hull vi ikke makter å lyse opp.

*Skribent Kadra Yusuf i kronikk i Aftenposten*

ANNE ROSE RØSBAK FERAGEN,  
filosof og daglig leder i Activa Humanistisk Akademi



## En hyllest til hverdagsordene

– Du bruker ikke fremmedord, sa en av tilhørerne mine da jeg holdt et kurs om tolkning for en gjeng med leger. Setningen ble hengende, som et spørsmål som ventet på et svar. Den måtte iallfall kommenteres. Men ville et svar eller en kommentar være nok, eller krevdes det en begrunnelse eller et forsvar? Var det kritikk eller en kompliment, eller ville hun bare konstatere et faktum?

– Jeg gjør kanskje ikke det, sa jeg, og syntes plutselig at det var vanskelig å komme med et godt svar. Det er gjerne ikke så enkelt å forklare noe som er godt innarbeidet. – Men så er jeg også som formidler levende oppfatt av å nå publikummet mitt, og da er ikke nødvendigvis fremmedordene til hjelp, fortsatte jeg.

Det finnes noen gode formidlere i den fagtradisjonen jeg er en del av, filosofi, men det er nok flere eksempler på det motsatte. Den tyske filosofen Immanuel Kant skal ha sagt at han ikke ville skrive populærvitenskap, men at han henvendte seg til fagfilosofene. Så kan også setningene hans springe over ni linjer, med flere innskutte bisetninger underveis.

Om en leser verkene til Martin Heidegger, en annen tysk filosof, trengs egne verkspesifikke ordlister. Selv mente Heidegger at det begrepsapparatet som allerede var i bruk blant filosofer, sto i veien for å forstå det han undersøkte. Så har vi de analytiske filosofene som synes de ut-

trykker seg klarest når de formaliserer resonnementene sine ved å bruke logiske tegn.

Med en sånn gjeng av faglige forbilder, hvorfor insisterer jeg på å gå en annen vei og droppe fremmedordene? For det første fordi jeg har rollen som formidler. Målet er å dele faglig innsikt med tilhørerne og legge grunnlaget for at de selv skal kunne bruke fagstoffet. Det er ikke å undersøke et fenomen som i forskningen, eller å overbevise noen om min egen dyktighet som under et jobbintervju eller en disputas.

Så er det også sånn at jeg henvender meg til et sammensatt publikum, ikke som Kant til et publikum som utelukkende besto av filosofer. Jeg møter toppledere den ene dagen, til-litsvalgte den andre, og utdanningsnivået kan variere fra grunnskole til doktorgrad i en og samme gruppe. Noen er språkmektige, andre mer fortrolig med tall, og alle skal de være med på det samme kurset, om et eller annet filosofisk tema. For ikke å skape unødig avstand mellom tilhørerne mine og meg, eller mellom tilhørerne og fagstoffet, er det derfor greit å bruke et språk jeg kan nå alle med.

Og til sist: Jeg trenger dem ikke! Jeg klarer meg utmerket uten fremmedordene. Det jeg snakker om, kan like gjerne beskrives med alminnelige ord. Med mindre jeg skal inn på Heideggers filosofi, ser de velkjente ordene ut til å gjøre jobben vel så godt.



# Nynorsk skuleløft

## ■ TORGEIR DIMMEN

Kva er god nynorskundervising, og korleis gjer ein nynorskopplæringa betre? Svaret på spørsmåla avheng av målgruppene. Ei enkel løysing finst ikkje, men i jakta på betre nynorsk er bevisstgjerjing, skrivetrening og lærarkompetanse gode utgangspunkt. Og hugs at norsk er både bokmål og nynorsk.





- «Tidleg bevisstgjerung er viktig for å skape ein trygg språkleg og kulturell identitet.»

### Nynorsksenteret

- Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa er eitt av ti nasjonale senter underlagt Utdanningsdirektoratet.
- Senteret utviklar og formidlar ressursar på og om nynorsk og arbeider med nynorsk i grunnopplæringa og barnehagen.
- Senteret vart etablert i 2005, held til ved Høgskulen i Volda og har ti tilsette.

Dette er den tabloide oppsummeringa etter Nynorsksenteret sin tiltaksplan for nynorskopplæring. Med den som utgangspunkt vart det i perioden 2009–2013 gjennomført prosjekt i sju barnehagar og 32 skular. Målet var å vise fram gode døme på moderne nynorskopplæring og peike på kva typar tiltak som bør prioriterast.

#### Formidling og rettleiing

Tiltaksplanen hadde mange målgrupper med litt ulike mål. For dei yngste

vart det satsa på utprøvande språkleg og formidling av nynorske tekstar. Målet var at born i barnehage- og småskulealder skulle møte nynorsk språk og tekstkultur så tidleg som råd. Det gir eit godt grunnlag for overgangen til den meir formelle språkoppplæringa på høgare klassesett. Tidleg bevisstgjerung om det lokale språket er dessutan viktig for å skape ein trygg språkleg og kulturell identitet.

Å prøve ut skriving i mange sjangrar sto sentralt i prosjekta for dei litt eldre

- «Nynorsk er ikkje eit framandspråk, men eit bruksspråk som kan nyttast på alle fagområde.»

elevane. Bokmål dominerer stort på dei aller fleste arenaer utanom skulen, også i område der nynorsk er opplæringsmål. Difor er det ekstra viktig at elevar med nynorsk som hovudmål har gode språklege førebilete og får systematisk øving i å skrive fagtekstar. I tillegg må lærarane vite korleis dei skal rettlege.

### Viktige tiltak

For elevar med nynorsk som sidemål på ungdomstrinn og på vidaregåande trinn vart det gjennomført undervisningsopplegg med bruk av lærebøker på nynorsk i andre fag enn norsk. Det gav elevane verdfull mengdetrening i å lese og skrive sidemålet. Målet var også å vise at nynorsk ikkje er eit framandspråk, men eit bruksspråk som kan nyttast på alle fagområde.

- «Det finst lite dokumentasjon om kva slag nynorskundervisning som går føre seg i klasseromma.»

«Tidleg start» vart prøvd ut i småskulen i nokre område med bokmål som opplæringsmål. Her brukte elevar heilt frå tredje og fjerde klasse nynorske tekstar i undervisninga. Dei eksperimenterte med skriving og samtale om skilnadar mellom dei to målformene. Målet var at desse elevane skulle få eit utvida grunnlag i lese- og skriveopplæringa. I tillegg er «tidleg start» etter alt å dømme ein god vaksine mot seinare fordommar og motvilje mot den meir formelle sidemålsundervisninga dei møter på høgare klassetrinn.

Elevar med minoritetsspråkleg bak-

grunn er ei svært samansett gruppe. Nokre av dei med svake norskkunnskapar treng tilpassa opplæring i nynorsk. Det gjeld både i hovudmåls- og sidemålsopplæringa. Nynorsksenteret samarbeidde med andre kompetansemiljø om å utvikle og formidle materiell spesielt for denne målgruppa.

### Vidare satsing

Det finst i dag lite kvalitetssikra dokumentasjon om kva slag nynorskundervisning som går føre seg i klasseromma, og kor god ho er. Dette gjeld både sidemåls- og hovudmålsundervisning, og det gjeld på alle nivå, frå småskule til lærarutdanning. Eit mål i tiltaksplanen var å drive utviklingsarbeid på dette området, i samarbeid med lærarutdanningane og universitets- og høgskulesektoren.

Konklusjonane etter arbeidet med tiltaksplanen samsvarer godt med erfaringane frå tidlegare utprøving av ulike typar nynorskundervisning. Mange av prosjekta har dessutan vore tufta på prinsipp i Kunnskapsløftet og blitt forsterka i den siste revisjonen av læreplanen for norskfaget. Planen gir grunnlag for moderne nynorskundervisning for elevar med både nynorsk og bokmål som opplæringsmål.

.....  
Torgeir Dimmen er leiar ved Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa.

## RÅD FRÅ TILTAKSPLANEN FOR NYNORSKOPPLÆRING

### Norsk = nynorsk + bokmål

Framtidens nynorskundervisning må ta utgangspunkt i eit fleirspråksperspektiv. Nynorsk er ein sentral del av den fleirspråklege kulturen i Noreg og er ein sjølvstendig del av skulefaget norsk. Nynorsk er formelt likestilt med bokmål, bruken er regulert i lover og forskrifter, og det er førstespråket til mange hundre tusen nordmenn. Alle som har ein eller annan variant av norsk som morsmål, forstår skriftleg nynorsk og nynorskknær tale. Nynorsk må difor ikkje skiljast ut som eit eige fag og undervisast i som eit framandspråk, slik det blir gjort i nokre bokmålsområde.

### Skriv meir

Det er eit problem for mindretalsspråket nynorsk at bokmålet dominerer så totalt på dei fleste offentlege arenaer. Dette gjeld både i nynorsk- og bokmålsområde. Difor må det leggjast til rette for at born og ungdom får sjå og høyre mest mogleg nynorsk tekst og tale så tidleg som råd i så mange ulike samanhengar som råd. Nynorske fagtekstar og nynorske læringsressursar bør brukast bevisst heilt frå småskulen. For elevar med bokmål som opplæringsmål kan det også gjerast ved å bruke lærebøker på nynorsk i eitt eller fleire fag. Det gir elevane gode førebilete og naudsynt mengdetrening. Det er også med på å vise at nynorsk er eit funksjonelt brukspråk.

### Ver bevisste

I skulen og barnehagen må det skapast rom for språkleg refleksjon, der den norske språksituasjonen med mange dialektar og to offisielle variantar av norsk skriftspråk blir tematisert og diskutert. Lærarar og elevar i nynorskområde må kjenne til dei spesielle utfordringane dei møter som ein (skrift)språkleg minoritet. Dette krev bevisstheit og ein eigen nynorsktilpassa metodikk i arbeidet med tekstar i alle sjangrar. Lærarar og barnehagetilsette må

også vere kritiske i val av bøker og andre læremiddel. For den som veit kvar ein skal leite, finst det gode nynorske alternativ for alle målgrupper. Men utvalet er totalt sett for lite og for vanskeleg tilgjengeleg. Det bør difor vere eit mål å få til ordningar som stimulerer til eit større utval av nynorskbøker i alle sjangrar.

### Start tidleg og skriv sjølv

Det er smart å starte tidleg. Det gjeld mange emne i skulen, ikkje minst språk. Dei yngste er nysgjerrige og fordomsfrie, og dei har stor språkkompetanse. Mange born har til dømes foreldre, slektningar, klassekameratar eller grannar som snakkar ulike dialektar eller andre språk. Tidleg start med nynorsk i bokmålsområde gir kunnskap og bevisstheit om eige språk, og det gir godt grunnlag for seinare formell sidemålsundervisning. Erfaringane frå «tidleg start»-prosjekta i tiltaksplanen støttar tidlegare forskning om språklæring: For å få effektiv læring må elevane skrive sjølve. Berre munnleg tilnærming er ikkje nok.

### Vi treng kompetente lærarar

Ein naudsynt føresetnad for å få til god nynorskundervisning er sjølvstendig kompetente lærarar. Mange av dagens lærarar i Noreg – på alle nivå – har ikkje god nok kompetanse verken i å skrive nynorsk sjølve eller i å gi moderne og motiverande undervisning. Vi veit for lite om kva slag nynorskundervisning som blir praktisert rundt om i norske klasserom. Det verserer mange påstandar og mytar, men seriøse, landsdekkande oversyn manglar. Vi veit også lite om nynorskperspektiva i dagens norske lærarutdanning, både for etter- og vidareutdanningstilboda og i grunnutdanningane. Status for dei om lag 25 utdanningsinstitusjonane er ikkje kartlagt, men det er etter alt å døme store skilnader mellom lærestadane. Også eit slikt oversyn bør lagast som grunnlag for eit systematisk, landsdekkande løft.

# Vinspråk – det umuliges nestenkunst



■ GEIR SALVESEN

Er det mulig å beskrive en smak og en lukt? Det kan aldri komme så nær som når man selv lukter og smaker. Men det er mulig å forsøke.

Da jeg som student tok mellomfags-eksamen i norsk og nordisk, var en av oppgavene å sammenligne Johan Sebastian Welhavens «Digtets Aand» med et dikt av Jan Erik Vold som handlet om det samme. Og jeg har siden ofte tenkt på hvor mye vinomtale egentlig ligner på å skrive dikt, å si det som ikke kan sies. Eller som Welhaven skriver:

Hvad ei med Ord kan nævnes  
I det rigeste Sprog,  
Det Uudsigelige,  
Skal Digtet røbe dog.

## Vinbombe

Da jeg for nesten 20 år siden skrev tre korte setninger om den libanesiske vinen Château Musar 1987, visste jeg ikke at det skulle bli Norges mest omstridte og beryktede vinomtale. «For en smaksbombe. Fullstappet av sviske, daddel, varmt kjønn og kamelsvette i lukten. Som et dampende harem i heten.»

En liten forhistorie først. Aftenposten var en borgerlig anlagt avis med forsiktig språkbruk. «Sprogbruk», het det faktisk lenge etter at jeg hadde be-

gynt som politisk journalist der på 80-tallet. Da jeg i 1990 ble spurt om å skrive avisens vinspalte (den første, ordinære vinspalten i norsk presse, etter det jeg kan huske), visste jeg at jeg måtte gjøre to ting: fortelle om vinen – et av de eldste sivilisasjonsprosjektene i vesteuropeisk historie – og underholde samtidig. For å få til det måtte jeg delvis oppfinne et nytt språk. Fordi det som da fantes, var nær ubrukelig for en ny tid. Jeg måtte også bryte grenser. Grenser som var satt av andre enn meg.

Det hadde jeg gjort flere ganger før Musar-omtalen. Som i «en duft som Dolly Parton i stalldøren, med en kurv jordbær i hånden» eller «som armhulen hos en barprike i Havana, under Batista-regimet». For å nevne et par etter hukommelsen.

## Den kjedelige stilen

Problemet når man skal omtale en vins duft, smak og struktur, er at det lett blir mye kjedelig fruktomtale. Solbær. Bringebær. Tanniner. Blomster. Chablis smaker godt, men som regel på en

## «En vinomtale handler egentlig om å si det som ikke kan sies.»

svært trang skala av sitron, lime, mineraler og sjø.

Forestill deg nå at du hver dag i uken må smake på mellom åtte og ti flasker i snitt, av og til mindre og av og til mer, kanskje så mye som 150 flasker. Da er det kanskje lettere å forstå at det ofte går inflasjon i like og kjedelige sammenligninger – såkalte similer. For det er det det handler om. En vins smak er bare reell under den fysiske smakningen.

Det er kanskje bare musikk som er vanskeligere å beskrive enn vin. Hvordan skal man beskrive «Air» av Johan Sebastian Bach? «She Loves You» av The Beatles? Dur eller moll? Helkromatiske tonenedganger hos Bach? Men også hos Percy Sledges «When a Man Loves a Woman» og Procol Harums «Whiter Shade of Pale».

Ok, tilbake til Musar. Jeg sitter og smaker på en drøss viner. Så dukker Musar opp. Noe totalt annerledes. Så annerledes at det ikke er rimelig å holde seg til samme språkskala. Man kunne sikkert ha sagt noe om tørket fruktighet og volatile syrer, og om krydder. Jeg husker at jeg lo inni meg da jeg smakte på den. Så dukket ideen opp om å ta omtalen helt ut i form av ubrukte similer. Siden vinen kom fra Libanon, hvor det hele tiden var krig og bomber og blindgjengere, og også kameler og dadler, kunne jeg låne begreper derfra. Så er det jo interessant med seksuelle konnotasjoner. «Harem i heten» og «varmt kjønn» var kanskje de mest omtvistede. Men omtalen var også ment som en spøk, som et humoristisk innslag.

Det hører med til historien at omtalen først ble sensurert av desken i Aftenposten, men jeg allierte meg med typografen som ukentlig la på vinspalten, og fikk smuglet den inn igjen like før trykking. Det er eneste gang jeg har gjort det i de 26 årene jeg har jobbet i avisen. Det ble aldri noe internt bråk etterpå. Og når kolleger og andre kritiserte meg, svarte jeg med et motspørsmål: Er det noen som husker noe av det *du* skrev for 19 år siden?

### Den informative stilen

Internasjonalt er det flere typer vinomtaler. I det britiske vinmagasinet *Decanter* er det hundrevis av smaksnotater i hver utgave. En typisk beskrivelse er slik:

Peachy Canyon, De Vine, Paso Robles, California: Søt, sjenerøs, eikepreget nese. Svarte moreller, vanilje, trerøyk. Delikat, frisk og balansert. Sjokoladeaktige toner, velsmakende.

Her ser vi at det er en blanding av subjektive og objektive karakteristikk. De subjektive er ord som sjenerøs, delikat, frisk, balansert og velsmakende. Faktisk er store deler av denne beskrivelsen (fem av elleve inntrykk) subjektive, men det er en blanding av begge, og det vil være det normale. En alternativ måte å si tingene på kunne være denne:

Devil's Lair 2007, Rock Creek, Western Australia: Fargen er svart som en natt i høstskogen, den lukter av brent granbar og bestefars



gamle jaktstøvler. Smaken kommer som en dragster på tungen – iiiieeeeeuuuu, men der strømmer garvestoffene ned fra ganehimelen og skjærer seg inn i tungen som små kniver. Tsjugga, tsjugga, tsjugga – skal det ingen ende ta? Jo, endelig kicker en bølge av veldig, massiv mørkbærfrukt over og prøver å slukke tanninbrannen. Yesss, frukten vinner, og det hele eser ut til klar seier for den svake sødmen som hører med. Ettersmaken er som et langt år. Denne passer nok godt til brontosaurusbiffen.

Ville en fiktiv omtale som denne si noe om vinen? Ja, vil jeg mene. Men for de fleste ville dette være å gå for langt. De fleste viner er heller ikke så uttrykksfulle.

Internasjonalt er vinomtalen saklig, som regel korthugget i stilen med noen få adverbialer og similer eller direkte

Ann C. Noble ved Viticulture & Enology, University of California – Davis. Det brukes av profesjonelle vinsmakere for å trene opp vokabularet som skal til for å beskrive smaksnyansene i en vin.

Hjulet er bygd opp av tre sirkler, der de generelle, beskrivende begrepene er plassert innerst. I neste sirkel kommer litt mer spesifikke begreper, mens de mest eksakte begrepene er plassert ytterst. Det er det så langt beste forsøket på å systematisere dette. For eksempel vil en vegetativ vin som underkategori være enten frisk, kokt/hermetisk eller tørket. En underkategori av friskt vegetativ kan være nyklipt gress, paprika, eukalyptus og mint, med en logisk og begripelig oppbygging.

Finnes det så et universelt godkjent vinspråk? Både ja og nei. Helst nei. Ikke et språk som er godtatt av absolutt alle. Det kommer an på øyet

## ● «En anmelder må fortelle om vinen og underholde samtidig.»

fruktreferanser som elementer. Men det finnes ingen fasit. For vinkjennere er det allikevel sentrale elementer som går igjen. Blant annet er solbær og grafitt to av hovedelementene i Bordeaux-viner fra Pauillac i Médoc.

### Aromahjulet

Et av de mest seriøse forsøkene på å systematisere vinaromaer er det såkalte aromahjulet, utviklet av professor

som ser, og ganen som smaker. I min munn er en Pomerol-vin med lakris- og lærstreif noe av det flotteste. For skeptikere vil dette bare være vås. Slik et Picasso-maleri vil være meningsløst for noen som helst henger et maleri av elg i solnedgang på veggen hjemme.

.....

Geir Salvesen er politisk journalist i Aftenposten, der han også har vært vinanmelder siden 1990. Han har skrevet 16 bøker, de fleste om vin og mat.



# Ord som finst og ikkje finst

■ LEIV INGE AA

– Du som jobbar i ordbok, sa ein norsklærer til meg. – Kan ein skrive *sjølvinnst*? Det står ikkje i *Nynorskordboka*, og elevane spør om det er lov.

Nei, det er ikkje lov, det er faktisk straffbart, særleg overfor barn, kunne eg ha sagt, men dessverre sa eg noko anna, trass i denne makta eg var tillagt som ein slags lovbokforfattar. Det som slo meg, var nemleg: Kvifor i all verda står ikkje *sjølvinnst* i *Nynorskordboka*? Er ikkje det eit heilt vanleg ord?

Eg slår opp i førsteutgåva frå 1986. Ikkje noko oppslag. Eg leitar i lett tilgjengeleg materiale, slik som Nynorsk-korpuset, ei digital tekstsamling med over 100 millionar nynorskord frå dei 140 siste åra, frå skjønnlitteratur, fag-

Kven seier det? Eg googlar det og får nokre få treff frå ordbøker, eldre og religiøse tekstar. Eg googlar *sjølvinnst* og får opp eit femsifra tal. Google spør likevel: «Mente du *selvinnst*?» Det gir eit sekssifra tal!

Vi har altså eit ord som knapt finst i levande bruk i dag, *sjølvkjærleik*, men som står trygt planta i ordboka, og vi har eit ord alle synest å bruke, som ikkje finst i ordboka. Kva er så grunnlaget for å ta med den marginale *sjølvkjærleiken* i ordboka? Jau, det vart skrive på 1800-talet av Henrik Krohn og utover

● «Ordbøkene er ikkje absolutte, dei er ikkje lovbøker eller heilage skrifter.»

bøker, dagsaviser og anna. Der ser det ut til at *sjølvinnst* er lite brukt før, men har teke seg opp dei 20 siste åra. Kanskje etablerte det seg for seint for førsteutgåva og har sidan vorte oversett?

## Sjølvkjærleik

Om lag der *sjølvinnst* skulle ha stått i *Nynorskordboka*, der står *sjølvkjærleik*.

1900-talet mellom anna av Sigmund Skard.

*Sjølvkjærleik* har på ei vis vorte innlemma i den nynorske skriftkulturen. Ein har prøvd å normere det inn i det nynorske ordtilfanget som ein avlørsar til *egoisme*. *Sjølvinnst* har til no ikkje kome inn i den same normerande ordbokvarmen, med den følgja at mange trur dei ikkje har lov til å skrive det.

### Menneske bak språket

Ei slik miniundersøking demonstrerer noko heilt generelt om ei ordboks avgrensingar og kanskje misoppfatta maktposisjon. Ordbokarbeid er arbeid om menneskespråk, gjort *av* menneske. Vi er i kjerneområdet for humaniora, der menneske vurderer, tolkar og dokumenterer sider ved, i dette tilfellet, eit skriftspråk. Æin ordbokredaktør kunne vurdert *sjølvinnsett* som trykkeverdig, ein annan har vraka det. Dei orda som får oppslag, blir vurderte ut

vi alltid – til ei kvar tid – kan seie noko anna enn det som er sagt til no.

Vi kan setje saman nye ord, slik tabloidane gjer. Og vi kan *låne* ord utanfrå som grammatisk sett blir norske idet vi set på ei norsk bøyning: *fans-en*. Legg merke til at den norske eintalsendinga overstyrer den engelske fleirtalsendinga. *Fansen* er eit masseord i norsk.

Vi har med dette ein faktisk norsk, med all norsken som er sagt og skriven til no, og ein mogleg norsk, den

«Ordbøkene er ei oppsummering av den skrivne norsken til no.»

frå eit avgrensa materiale. I trykte ordbøker er det dessutan avgrensa med plass. Nokre ord som openbert finst, blir utelatne fordi dei er marginale.

Ordbøkene som normerer nynorsk og bokmål, er derfor ikkje absolutte, dei er ikkje lovbøker eller heilage skrifter, trass i heilaggjeringa av somme avsløysarord.

### Faktisk og mogleg norsk

*Nynorskordboka* er altså ikkje ei ordbok over alle tillatne nynorske ord, slik *Bokmålsordboka* heller ikkje summerer opp eller dikterer kva ord ein må halde seg til i bokmål. Men *oppsummering* er eit eigna stikkord for ordbøker. Om vi hadde hatt ei perfekt ordbok, som registrerte og fortløpande presenterte alle ord som nokon gong var produserte på nynorsk og bokmål, ville det likevel berre vere ei oppsummering av den skrivne norsken til no – det faktiske språket vårt, sjølv kulturskatten norsk. Men språket vårt er endå meir fantastisk enn ein aldri så verdefull kulturskatt. Språket vårt er laga slik at

norsken som er mogleg å produsere gitt dei norske grammatiske rammene våre.

### Ordtilfang og grammatikk

Den heimlege grammatikken overstyrer altså det framande ordet ovanfor. Kan vi då seie at det som kjenneteiknar språket vårt, sjølv merkelappen for alle variantane vi har av norsk, er bøyingsendingane og grammatikken vår, form- og lydverket, heller enn orda våre? Det strid jo mot all intuisjon hjå folk flest. Når folk snakkar om dialektten sin, er det ofte det eine spesielle ordet som ingen andre synest å seie, som kjenneteiknar han.

La oss seie at østerdølane meiner at dei er dei einaste i landet om å ha ordet *løkkø*. Men så viser det seg at dei har det same ordet i Gudbrandsdalen, berre at dei seier *låkå*. Då har vi to ulike grammatiske realiseringar av det same ordet, nemleg av fiskeslaget *lake*. Det same ordet flyt mellom dialektgrensene, men det har eigne fonologiske mønster på dei ulike stadene.

## «Variasjonane i ordtilfanget speglar samfunnet.»

Vi har her med to ulike typar variasjon å gjere: For det første finn vi grammatisk dialektvariasjon. Det er mange ord som vandrar over store område, men som folk likevel kan oppfatte som dialektord på heimstaden sin, fordi dei har ei bøyning eller ein uttale, altså ein grammatikk, som skil seg frå nabo-grendene. *Løkkø* og *låka* er grammatisk dialektvariasjonar (fiskeslaget lake finst elles i ferskvatn nesten over heile landet, og *lake* er derfor vanskeleg å førestille seg som eit lokalt dialektord). Og for det andre kan vi finne reelle variasjonar i ordtilfanget, også innanfor det som grammatisk sett er det same dialektområdet.

Orda breier seg lett, tradisjonelt gjennom sentralisering og kommunikasjon mellom stader, og seinare òg gjennom diverse medium. Grammatikken (særleg formverket) er meir seigliv og robust og krev normalt språkkontakt over lengre tid for å endre seg radikalt. Vi spør derfor igjen: Kan vi med dette seie at det er grammatikken, bøyningane, form- og lydverket – og ikkje orda – som er merkelappen, sjølve ryggmergen og sjela til språket?

Kanskje vi heller kan sjå det slik: Grammatikken, bøyningane og uttalen av orda er det som reflekterer systemvariasjonane i språket, på språkets eigne premissar. Variasjonane i ordtilfanget speglar i større grad samfunnsvariasjonar. Det er god grunn til å tru at dei har eit rikare maritimt ordtilfang på Hitra enn i Tydalen, sjølv om grammatikkane til dei to dialektområda begge er attkjennande som trønderske.

### Kulturell kvardagsnorsk

*Norsk Ordbok* dokumenterer det nynorske skriftmålet i si fulle lengd og breidd, og nynorsk talemål, i perioden etter mellomnorsk. Ordboka er eit tolvbindsverk på til saman nesten 10 000 sider og er såleis òg ein kulturell dokumentasjon av det norske samfunnet, sett gjennom ordtilfanget.

Det seier litt om det norske samfunnet bakover i tid at vi finn over 100 ord i *Norsk Ordbok* som byrjar på *kvardag*. Kvardagsfolket trivst i kvardagsbunad, kvardagsskjorte, kvardagshuve og kvardagssokkar. Kvardagsbonden kan dra ei kvardagssoge medan han slit seg gjennom det evige kvardagsstrevet. Kvardagsgjesten set til livs kvardagsmaten med kvardagskniv og kvardagsskei – men ikkje «kvardagsgaffel». Kvi for det? Slår vi opp på *kvardag* i *Norsk Ordbok*, finn vi dette dømet: «Det var neppe før i 1920–30-åra gaffelen vart brukt til kvardags i dei fleste heimar i bygda.»

Gaflar var rett og slett luksus, og ikkje noko ein briska seg med i det kvardagslege. «Kvardagsgaffel» vart derfor aldri etablert i det norske ordtilfanget. Snarare symboliserer ordet potensialet med språket vårt. Det er mogleg norsk, men ikkje faktisk norsk – grammatisk heilt uproblematisk, men ikkje del av den norske kulturhistoria. I alle fall om vi skal tru det ordboka seier.

Leiv Inge Aa er stipendiat ved NTNU og redaktør i *Norsk Ordbok 2014*. Teksten er ein forkorta versjon av eit føredrag frå Språkdagen 2013.



# Av ord er «vi» kommet

■ HELGE DYVIK

Ord er handlinger, og ord er fellesgods. Dine ord er et forråd av kontakthandlinger.

«Ord? som verden saa foragter?» skrev Henrik Wergeland. Og han har jo litt rett: Vi forakter ord. Forakten kan til og med være forståelig – når offentlige dokumenter utsetter oss for en krattskog av dem, som i: «Søknadsprosessen tidspunkt er således ikke optimalt i forhold til at omsøkt eiendom er lite ihensyntatt i gjennomførte planprosesser.» Eller når en politiker innhyller sin manglende handling i en skodde av dem, som i: «Vi har en strategisk prosess rundt dette med dialog med andre berørte parter og har ikke konkludert.» Bare ord, ikke handling, sier vi da. Bare svada.

Slik får ord dårlig ord på seg, og det fortjener de ikke. For hvor ville vi ha vært uten dem? Kan det i det hele tatt være noe «vi» hos en flokk ordløse mennesker?

For ordene er ikke dine, og de er ikke mine. Et ord er ikke en privatsak. Hvis du vil sitte alene og ruge over dine egne ord og selv bestemme hva de betyr, og om de er vakre eller stygge, og om de er høflige eller støtende, da smuldrer de opp til meningsløse lyder

for ørene på deg, og du har fått en dypt uinteressant samtalepartner. Ordene er *våre*, de er et felles forråd. Hvis de ikke er det, så er de ikke ord.

Meningen i et ord er ikke en definisjon som jeg har tenkt ut i mitt lønnekammer og formulert med enda flere ord. Meningen er en opplevet felles forståelse. Jeg forstod hva du mente der og da, du skjønner hvor jeg vil hen, vi har en avtale: Dette er ordets mening. Neste gang skjønner vi det mer umiddelbart. Meningen er et samarbeidsprodukt. Et ordforråd er et forråd av mulige kontakthandlinger mellom mennesker. For ord er ikke et substitutt for handling; ord *er* handling. Og av ord er «vi» kommet.

- «Ord kan få dårlig ord på seg, og det fortjener de ikke.»





Når du og jeg og den enkelte besitter et eget ordforråd, så er det altså ikke tale om en privat eiendom. Du forvalter en felles ressurs i ditt ordforråd. Ordets eksistens er forankret utenfor deg selv. Det er derfor ordene i ditt talespråk eller tegnspråk er inngangsbilletter til menneskene rundt deg. Og ordene i ditt skriftspråk er inngangsbilletter til samfunnets kollektive hukommelse, dette dramatisk utvidede felles minnet som et skriftspråk gir oss.

Et skriftspråk som får lov til å beholde sin identitet en stund, kan oppnå et ordforråd som langt overstiger det et

kumenterer nynorsk og dialekter, der slutten av alfabetet, men ikke av oppgaven, nærmer seg, og *Det Norske Akademis store Ordbok*, der dokumentasjonen av bokmål/riksmål videreføres, etter hvert inn i nye prosjekter.

Men et ordforråd er også en personlig ressurs, som kan bli mindre anvendelig på grunn av sykdom, eller nye og fremmede omgivelser, eller kulturelle endringer. Riktignok er ordene i sitt vesen felles, men de er også nær knyttet til hvem du er. For det finnes jo mange fellesskap, og ordene dine uttrykker din identitet som medlem

«Ordene er felles i sitt vesen, men også nær knyttet til hvem du er.»

enkelt menneske normalt vil beherske. Hver av oss behersker skriftspråket bare delvis. Slik er et skriftspråk, enda tydeligere enn noe talespråk, et felles kunnskapsobjekt. Og fordi alle ikke kan lese alt, er skriftspråket (i motsetning til talespråket) sårbart og må tas vare på for ikke å forfalle.

Derfor lager vi store ordbøker, som for eksempel *Norsk Ordbok*, som do-

av fellesskap der du føler deg hjemme. De fellesskapene du tilhører, gjør deg til den du er. Det er derfor dine ord på mange måter er *deg*.

Og når ordene forlater deg, kanskje i flokker, som trekkfugler på flukt fra et kaldt kontinent, da er du ensom. Da er du nesten ikke mer. Derfor skal vi ikke klage over ordene, men tvert imot dyrke dem og feire dem: ord som dukker opp, ord som forsvinner etter endt gjerning, og ord som vekker følelser. Til ord skal vi bli.



Illustrasjon: mightyisland / iStockphoto

.....

Helge Dyvik er professor ved Universitetet i Bergen og leder for fagrådet for normering og språkoobservasjon i Språkrådet.

Teksten bygger på åpningsinnlegget fra Språkdagen 2013. Les mer om Språkdagen på Språkrådets nettsider.

# Finn fem feil

■ ERLEND LØNNUM

«Noen og enhver» kan gjøre feil når rettskrivning står «på dagsorden». For vi kan ikke «stikke under en stol» at enkelte skrivemåter og uttrykk brukes «i hytt og pine», og det «til gangs».

Feilene i ingressen er gjengangere, og det er ikke et tidsspørsmål når de forsvinner (eller «før», som et stort flertall skriver), for de har kommet for å bli. De riktige variantene *noen hver, på dagsordenen, stikke under stol, i hytt og vær og til gagns* blir ofte fortrent til fordel for sine feilaktige fettere.

## Sterke avstander

Skal vi så «ta sterk avstand fra» feilene? Vi bør i hvert fall velge bort adjektivet *sterk* og satse på adverbet *sterkt*, selv om bare én av to gjør det i praksis. Forhåpentlig er det langt flere som har «klokkeetro» på at «nitidig» skrivemåte gir «tillitsvekkende» og «lesverdige» tekster.

Men er det så farlig om man går seg bort i «villnisset» av språkblomster? Vel, det gir uansett ingen «straffeskyld». Og er det ikke «anmasende» og «avlegs» å «innevarsle» og «henspeile på» andres feilskjær? Jo, det er kanskje det, men litt folkeopplysning kan neppe skade.

Oversiktene på neste side viser de hyppigste feilene vi gjør i dag. Prosenttallene angir et gjennomsnitt av antall feil de siste tre årene (målt 21. januar 2014). De baserer seg på søk i avisdata-

basen Retriever, som inneholder tekster fra 48 norske aviser og magasiner. En ubetydelig del av feilene kan være skrevet slik bevisst, som i denne artikkelen, der gal skrive- og uttrykksmåte er satt i anbefølselstegn.

## Blandede bokstaver

Ikke overraskende gir også en del fremmedord hodebry, for det er ikke så lett å holde styr på bokstavene i ord vi ikke kjenner bakgrunnen til. Med jevne mellomrom finner vi nemlig skrivemåtene «*impresario*» for *impresario*, «*grafitti*» for *graffiti*, «*potensiale*» for *potensial*, «*kavalleri*» for *kavaleri*, «*kakafoni*» for *kakofoni*, «*satelitt*» for *satellitt* og «*priviligert*» for *privilegert*.

Så er det mange som spør seg hvorfor *annullere* skal ha to l-er når *akselelerere* har én, og hvorfor vi skal skrive *hovedsakelig* med e når *saklig* skrives uten? Det er det gode grunner til, og de kan forklares der plassen tillater det. Men det er fristende å gjøre det enkelt og svare det mange faktisk ønsker å høre: Det bare er sånn!

.....

Erlend Lønnum er rådgiver i Språkrådet

## UTTRYKK

Riktig uttrykksmåte	Gal uttrykksmåte	Antall feil
det er et tidsspørsmål når	«det er et tidsspørsmål før»	94 %
stikke under stol	«stikke under en stol»	81 %
på dagsordenen	«på dagsorden»	68 %
i hytt og vær	«i hytt og pine»	59 %
i dødvanne	«i dødvannet»	55 %
ta sterkt avstand fra	«ta sterk avstand fra»	53 %
noen hver	«noen og enhver»	38 %
sette hverandre stevne	«sette hverandre i stevne»	36 %
til gagns	«til gangs»	36 %
vel å merke	«vel og merke»	23 %

## ENKELTORD

Riktig uttrykksmåte	Gal uttrykksmåte	Antall feil
hålke	«holke»	35 %
fluidum	«fludium»	33 %
nitid	«nitidig»	26 %
leseverdige	«lesverdige»	24 %
tillitvekkende	«tillitsvekkende»	24 %
villnis	«villniss»	24 %
pilgrim	«pilgrim»	20 %
høytravende	«høytravende»	21 %
graffiti	«grafitti»	18 %
pilar	«pillar»	18 %



Allmennordet *termos* kjem frå varemerket *Termos*.

Foto: Jakob Fridholm / NTB Scanpix



# Varemerke som språk – ordmerke som problem

■ LARS S. VIKØR

Ord nytta som varemerke kallar vi ordmerke. Dei kan vere namn på eit firma eller ei teneste, eit produkt eller ein produkttype. Dei kan vere nye eller gamle, norske eller utanlandske. Og nokre av dei blir nemningar for nye omgrep i allmennspråket.

I *Bokmålsordboka* er varemerke definert som «symbol som benyttes som gjenkjenningstegn på en vare el. teneste (vanligvis beskyttet ved offisiell registrering)». Varemerke kan vere alle slags symbol, ikkje nødvendigvis språklege:

Et varemerke kan bestå av alle slags tegn som er egnet til å skille en virksomhets varer eller tjenester fra andres, for eksempel ord og ordfor-

bindelser, herunder slagord, navn, bokstaver, tall, figurer og avbildninger, eller en vares form, utstyr eller emballasje (varemerkelova § 2).

## Ulike ordmerke

Det finst fleire typar av ordmerke, mellom anna desse:

- 1 Namn på bedrift som har eit heilt spekter av produkt, som *Freia*, *Gilde*,

*Tine*. Dei har klar karakter av å vere proprium (særnamn), og er vel uproblematiske i denne samanhengen.

- 2 Namn på bedrift som konsentrerer seg om eitt produkt eller ein spesi-  
fikk produkttype. Da kan namnet brukast både om bedrifta og produktet, t.d. *Coca-Cola*. Produktet kan òg vere ei teneste, t.d. *Google*.
- 3 Namn på produktet i seg sjølv (*Solo*, *Walkman*), med to undertypar:
  - a) eksisterande ord eller namn som ei bedrift tar i bruk som varemerke, og
  - b) nylaga ord eller namn (ofte engelske) som får spreing i allmenn språkbruk som nemning for nye omgrep.

Det er nok type 2 og særleg 3 som skaper problem og konflikhtar. Dei kan vere av to slag. Det første gjeld særleg type 3a, fordi varemerkeregistrering av kjente ord og namn, som *Bøygen* og *Anitra*, kan vere eit trugsmål mot allemannsretten til det felles nasjonalspråket, jamfør artikkelen av Solrun Dolva, seksjonssjef i Patentstyret, om varmerke som økonomisk og juridisk fenomen i Språknytt nr. 1/2012.

Den andre problemtypen, som mest gjeld ordmerketype 3b og til dels 2, går ut på at ordmerket, om det glir inn i allmennspråket, kan overførast på tilsvarende produkt av andre produsentar, slik at det blir ei generell nemning på ein bestemt type varer. Da blir merket *appellativisert*, det vil seie at det mistar særnamnkarakteren og går over til å bli eit vanleg substantiv (samnamn eller appellativ). Folk vil da bruke det om vara utan tanke på kven produsenten er. I bransjen seier dei da at det blir «degenerert». Dermed kan det bli konflikt mellom den opphavlege vare-

produsenten og språksamfunnet, eller med sjølve språket, om ein vil.

### Lommedisko og sukettar

Vi kan nemne dømet *Walkman*, som var aktuelt i Språknytt rundt 1990. Norsk språkråd ønskte da tips til eit norsk ord for omgrepet, utan å ha fått med seg at det var eit registrert varemerke. Bergen Patentkontor opplyste Norsk språkråd om dette og gav dermed i realiteten støtte til strevet med å finne eit norsk ord for sjølve varetypen. Det ville jo motverke degenereringa av *Walkman*. Men språkbrukarane var ikkje særleg samarbeidsvillige, og «lommedisko» vart aldri nokon innertiar.

Eit nyare varemerke er ordet *sukett*, eit framifrå ord som på alle måtar høver inn i språket, og som det er behov for når vara først eksisterer og er blitt ein del av dagleglivet. Men så vidt eg forstår, er vara med dette merket no gått ut av produksjon, mens tilsvarende produkt frå andre produsentar har overtatt marknaden. Den generiske termen for vara er visstnok *søtningstablettar*, men dei fleste ser vel at det neppe er eit livsdyktig ord i daglegta-  
len, så vi kallar dei stadig sukettar. Eit varemerke kan altså vinne «ordkurransen» gjennom å bli degenerert, sjølv om produsentens originalvare blir utkonkurrert.

### Ulydig språkbruk

Her seier ikkje lova så mykje, men varemerekelova har noko om attgjeving av varemerke i lærebøker og liknande:

Ved utgivelse av leksikon, håndbok, lærebok eller lignende skrift av faglig innhold har skriftets forfatter, hovredaktør, utgiver og forlegger plikt til, etter krav fra innehaveren av et regist-



## «Suksessen for varemerket kan bli så stor at det lausriv seg og går inn i språket.»

rent varemerke, å sørge for at merket ikke blir gjengitt uten at det samtidig fremgår at det er beskyttet ved registrering. [...] Krav etter første ledd anses alltid etterkommet hvis varemerket gjengis sammen med symbolet ® på en tydelig måte (§ 11).

Truleg meiner lovgjevaren at «leksikon» også omfattar ordbøker, enda det ikkje står med reine ord (det er i alle fall «lignende skrift av faglig innhold»).

Det er ikkje lett å finne eit *modus vivendi* mellom språkbrukarane og bedrifter, som alltid tar ein risiko når dei byrjar å bruke eit varemerke: Suksessen for merket kan bli så stor at det lausriv seg og går inn i språket. *Termos* og *nylon*, som Dolva nemner, er opplagte døme. Det er det same som skjer når eit namn blir eit ord, med *quisling* og *boikott* som velkjente døme. Allmennspråket respekterer ikkje opphavsrett til ord, og det kan bedriftene gjere lite med.

Bedriftene har vel òg skjønt dette, sidan dei ikkje prøver å protestere på eller «forby» bruk av varemerka sine i den vanlege frie språkbruken, men nøyer seg med å påverke «normagentar» som ordbøker og leksikon, som dei altså har ein lovheimel for.

### Leksikografane sitt dilemma

Leksikografane (ordbokredaktørane) har til oppgåve å beskrive språket slik det er og blir brukt, ikkje slik bedriftene vil at det skal vere. Men dei skal òg beskrive normer for ordbruk, og ords status i språkbruken.

I prinsippet er det tre måtar å behandle ordmerke på i ordbøker. Den eine er å unngå dei heilt og ikkje ta dei med,

den andre er å føre dei opp med ei eller anna slags markering, og den tredje er å behandle dei som vanlege ord utan å ta spesielle omsyn til at dei er varemerke.

Som leksikograf er det rimeleg at ein passar på å markere at eit ord er eit varemerke. Det er ein relevant del av den informasjonen ein ventar å finne i ei ordbok. Men det er ofte ikkje lett å vite når det er påkravd, sidan desse orda flyt omkring i talespråket utan noka form for statusmerking. Det burde derfor lagast ei liste over ordmerke der dette alltid kan kontrollerast og følgjast med i.

I dag finst det berre ein database der ein kan klikke seg inn, men den inneheld alle typar varemerke og er altfor svær for praktisk bruk. Vi har bruk for ei spesiell liste over *ord* som varemerke, medrekna namn og faste uttrykk. Den må ligge på nettet og oppdaterast jamt. I tillegg til oppslagsordet og ein definisjon eller ei forklaring på bruken må det gå fram når merket fekk denne statusen, og eventuelt utløpsdato. Avvikla varemerke bør bli ståande i lista til orientering. Det kan gi relevant informasjon, ikkje minst for ordbøker som gir opp etymologien til oppslagsorda.

For leksikografar vil ein slik ressurs gjere det lettare å praktisere lovgjevinga på dette feltet. Både det offentlege, representert ved Patentstyret, og bransjen sjølv burde få eit ansvar for å utvikle ein slik ressurs, i samarbeid med språkfagleg kompetanse, helst Språkrådet.

.....

Lars S. Vikør er professor i norsk språkvitenskap ved Universitetet i Oslo og ein av hovudredaktørane for *Norsk Ordbok 2014*.

# OM SPRÅKRÅDET

Språkrådet arbeider for å styrkje det norske språket og språk-mangfaldet i landet. Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og følgjer opp den norske språkpolitikken på oppdrag frå Kulturdepartementet. Språkrådet gjev råd, formidlar kunnskap, tek initiativ til samarbeid og fører tilsyn.

- Vi informerer på nettsidene og i publikasjonane våre om god og rett norsk.
- Vi svarer på språkspørsmål på e-post, i sosiale medium og på telefon.
- Vi samarbeider med offentlege og private institusjonar om tiltak som styrkjer bruken av norsk på område som arbeids- og næringsliv, høgare utdanning og forskning.
- Vi forvaltar rettskrivinga i nynorsk og bokmål og følgjer med på korleis språket utviklar seg.
- Vi publiserer rapportserien *Språkstatus* med oppdatert kunnskap om den språkpolitiske stoda i landet.
- Vi arrangerer konferansen Språkdagen kvart år for å skape debatt om språk.
- Vi deler ut Språkprisen for framifrå bruk av bokmål og nynorsk i sakprosa.
- Vi gjev råd til statstilsette om korleis dei kan skrive klart og godt og få ei jamnare fordeling av bokmål og nynorsk.
- Vi samordnar utvikling og tilgjengeleggjering av norsk terminologi og fremjar bruken av norsk fagspråk.
- Vi fører tilsyn med om statsorgana følgjer krava til fordeling av bokmål og nynorsk.
- Vi administrerer ei stadnamnteneste som gjev råd og svarer på spørsmål om skrivemåten av stadnamn og om namnsetjing.
- Vi arbeider for at IKT-produkt skal byggje på norsk tekst og tale, og samordnar ei datatermgruppe som føreslår nye norske dataord.
- Vi har eit ansvar for norsk teiknspråk og samarbeider med aktørar på feltet.
- Vi har eit ansvar for dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani og romanes og for nyare minoritetsspråk, og vi samarbeider med språkbrukargruppene.
- Vi godkjenner norske ordbøker og ordlister til bruk i skulen.
- Vi gjev diplom for godt namnevevt til næringsdrivande.
- Vi samarbeider med søsterinstitusjonar i andre land, mellom anna om å sikre nabospråksforståing i Norden.

Direktøren i Språkrådet er leiar for over tretti tilsette. Styret i Språkrådet er utnemnt av kulturministeren. Språkrådet har fire fagråd, som er referansegrupper med språkkunne og språkengasjerte personar frå heile samfunnet.

[www.sprakradet.no](http://www.sprakradet.no)  
[facebook.com/Sprakradet.NO](https://facebook.com/Sprakradet.NO)  
[twitter.com/sprakradet](https://twitter.com/sprakradet)

SPRÅKRÅDET  
Postboks 8107 Dep  
0032 OSLO

TELEFON: 22 54 19 50

ANSVARLEG REDAKTØR:  
Arnfinn Muruvik Vonen

INFORMASJONSSJEF:  
Svein Arne Orvik

REDAKTØRAR:  
Erlend Lønnum  
[erlend.lonnum@sprakradet.no](mailto:erlend.lonnum@sprakradet.no)

Åsta Norheim  
[asta.norheim@sprakradet.no](mailto:asta.norheim@sprakradet.no)

ABONNEMENT OG  
ADRESSEENDRING:  
[bestilling@sprakradet.no](mailto:bestilling@sprakradet.no)

Signerte artiklar frå  
eksterne skribentar står  
for forfattaren sitt syn.

Ettertrykk tillate når kjelda  
er oppgitt.

OPPLAG: 12 000

Tekstene i dette nummeret  
finst òg på Internett:  
[www.sprakradet.no/spraknytt](http://www.sprakradet.no/spraknytt)



Fire nummer i året  
Redaksjonen avslutta  
10.01.2014

LAYOUT: Beate Syversen  
[beate@b-7.no](mailto:beate@b-7.no)  
TRYKK: Zoom Grafisk

ISSN 0333-3825

Framsidedeillustrasjon:  
Foto: Lubitz + Dorner /  
Plainpicture / NTB Scanpix

Baksidedeillustrasjon:  
Foto: Axel Kristinsson / Wikimedia



## HISTORIA BAK

### RAUVA OPPI NASEN

*Rauv* har me frå norrønt. Dei skreiv *rauf*, men uttala det *rau*v, på same måten som dei skreiv *klau*f, men uttala det *klau*v.

Rauva er meir innskrenka nå for tida enn i norrøn tid, for da tydde *rauf* både 'hol', 'rift' og 'opning' generelt. Norrønt hadde eit sterkt verb *at ryfa*, som tydde 'å riva'. I preteritum heitte det *rauf* (som dei uttala *rau*v). Substantivet *rauf* og verbet *ryfa* høyrer heilt klårt saman.

'Nase' heitte *nasi* på norrønt, som òg hadde eit samansett ord *nasrauf* 'nasebor'. Eit anna norrønt ord for det same var *nøs*, som i fleirtal heitte *nasar* eller *nasir*.

Moderne norsk har substantivet *eit bor* (som er ein reiskap) og verbet *å bora*, men ikkje noko usamansett substantiv *bor* om holet som boret borar. Men det samansette *nasebor* finst, og norrønt hadde det usamansette hokjønnsordet *bora*.

'Nase' heiter *nose* på engelsk, og 'eit nasebor', som heiter *a nostril*, må sjølvstøtt vera avleidd av *nose*. Men kva er *tril*, som må tyda 'hol', i *nostril* for noko? Jo, det er opphavleg gamalengelsk *thyrel*, som tyder 'hol'. Ordet *drill*, som tyder 'boreverktøy', må òg vera det same ordet.

Nynorsk har det sjeldsynte ordet *tverel*, som i *Norrøn ordbok* er forklart med 'kinnetvora'. Det er den stonga dei brukte i ei kinne når dei kinna smør. Norrønt hadde ordet *þyrill*, som opphavleg kan ha tydd 'spiss' eller 'horn'. Då gjev det meining at *þyrill* òg er eit fjellnamn. Fjellet finn du på Island – og her nedst på sida.

Svein Nestor, cand.philol.

RETURADRESSE:  
Språkrådet  
Postboks 8107 Dep  
0032 OSLO

ISSN 0333-3825

